



Veslemøy Haugland i kulestøt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Kvar er gutane i friidretten?

**Det var grunn til å stilla spørsmålet under kretsmesterskapet på Husnes i helga.**

**Til dømes var Johannes Haugland den einaste guten av dei 7 frå Uskedalen som stilte opp.**

Laurdag kunne berre diskos avviklast på grunn av vertilhøva.

Her fekk Kathrine Saghaug (11) andreplassen med 9,81 medan Ingebjørg Haugland (15) kasta 19,36.

Sundag tørka det etter kvart så mykje opp at også løp kunne avviklast. Då fekk Johannes Haugland (12) tredjeplassen på 800-meteren med 3,06,3. Veslemøy Haugland (10) gjennomførde 800-meteren på 3,33,3 og vart med det nummer 2. Solveig Haugland (11) vart også nummer 2 med 3,26,5. Men raskast av uskedalingane var Ingebjørg Haugland med 2,44,8.

På 60-meteren vart Veslemøy Haugland nummer 3 med 11,5 medan Synneva Myklebust i same klassen vart nummer 7 med 12,0. Ingvill Myklebust (11) kom inn som nummer 6 i sin klasse med 10,8.

I kule kom Veslemøy Haugland på 8-plass med 4,02. Kathrine Saghaug (11) støtte kula 3,97 og vart nummer 6., Her fekk Ingebjørg Haugland 7,17.

I lengde strakk Synneva Myklebust seg til 2,10 og vart nummer 10 medan Kathrine Saghaug kom på tredjeplass med 3,04. Johannes Haugland klarte femteplass i sin klasse med 3,22. Her fekk Ingebjørg Haugland 4,30. Ho fekk 14,5 på 100-meteren og 1,36 i høgde..



Kathrine Saghaug klar med kula. (Foto: Ola Matti Mathisen)